

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hamre.

Emne: Død og begravelse.

Bygdelag: Dalebygda. (Leknesbygda)

Oppskr. av: Sverre Kvanne.

Gard: Mundal

(adresse): Leiknestangen.

G.nr. 10 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Det eg minnest, oghøyrte.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1

Eg har det inntrykket at hendingar som ikkje var daglege vart tekne som varsling om at det kom å henda noko som var uvelkomi, - og då oftast i samanheng med sut og sorg og dødsfall. Det vart av sume kalla for SKIT - Tidend, dårleg tidend. Av dette kan eg nemna at søkte kråka for nær garden og skreik sitt kra-kra dagen til ende, så sa folk: Ho kjem med skit-tidend. Kråka vart likevel ikkje sett på som fegdarfugl (dødsvarslar.) Men ho kunne bera bod som valda sut om ikkje stor sorg. Det kunne vera dødsfall noko ute i slekta. Då bar gauken sterkare bod. Han er ein sky fugl, og hender det at han ~~søkte~~ ^{søkte} inn til husa og heldt seg der, då ~~kjem~~ ^{kom} det sorg til gards, helst som dødsfall i huset. (No er folk merksame på at på ettersumaren heldt gaukungane seg ofte nær husa i dagevis, og folk ansar ikkje på det som noko varsel.)

Vissaste varslet kom med kattugla, - fegdarfuglen over alle andre. Kom ho nær garden og tykttest roa seg der, eller sette seg på taket eller i skorsteinsopningane under skorsteinshella, eller sette seg på lista under vindauga, - då var det varsel om at døden ville gjesta huset. Dette var i dei skoglause bygdene. Gardar som låg i skoglier ansa mindre på dette, då dei mange gonger om året fekk slike vitjingar av kattugla. Dei tok likevel vindaugssitjinga som eit vondt teikn.

Så var det og noko dei kalla "føreferd". Det hende dei sa dei såg ein ljøske då dei var i lòa og vandla, eller med dei sat mjølka, eller medan dei vaska og stelte i eit rom. Dei kunne og høyra fager musikk av ukjend slag. Sume tider tok dei varsel av vedstykke som låg i kors framfor omnen, grua eller andre stader i romet.

13238

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2
Fekk dei ein tanke som slik: Han Ola skal døy, så tok dei dette for eit sterkt varsel. Men oftast let dei vera å seia noko om dette dersom det ikkje hende noko. Draumar vart og rekna som sterke varsel.

2

Ukjend

3

Ukjend.

4

Ukjend.

Ukjend⁵

6

Ukjend

7.

Folk held om dagen til i stova. Der sov mann og kone og småborna. Dei større borna og tenarar sov på stovelemmen. Kårfolka hadde si eiga stove. Vart nokon av husfolket sjuke, vart dei flytte til stova som var einaste varme romet. Kårfolka hadde varm stove. Det var då i desse stovene at folka døydde. Eg kjenner ikkje til at dei på gardane her hadde sers dødsrom. Ved brådød vart døds-staden ymis.

8

Heilt ukjend.

9

Ukjend.

10.

Eldre folk søkte kyrkja og altargonga så lenge kreftene strakk til. Seinare bad dei presten til seg. Kjende dei at kreftene var slutt så dei laut halda senga, sende dei bod til presten for å få nattverd. Vart lega av lang tid, hende det at presten var på staden fleire gonger.

11.

Når den sjuke bad om at folka i huset måtte henta presten, rodde dei vaksne karane på tunet over fjorden etter presten. Var det ikkje nok mannskap på tunet, fekk dei hjelp av dei andre grannane ved første ordet. Hadde presten stunder vart han med tilbake, eller han sa kva tid han kunne koma. - I heimen vart det vaska og fjelga. Den sjuke vart stelt på beste vis. Ei bord eller ein benk, eller høg skammel vart sett framfor senga. Presten helsa på den sjuke. Samtala gleid inn på emne som hørde vitjinga til, og så vart nattverden gjeven. Dei eldste i huset var oftast med i nattverden, og ofte eldre folk av grannetuna. Presten kunne ei tid vera åleine med den sjuke, men ofte var det andre inne.

Presten både las og song for den sjuke, og dei som inne var fylgde med. Det var stille i huset, og det er fortalt at desse stundene var sers høgtidelege. Etter at presten var ferdig, tala han ofte med dei andre i huset. Og då han for frå tunet, såg han innom til den sjuke.

12.

Ukjend.

13.

Det hende ofte at den sjuke sa frå korleis det skulle vera i gravferda og korleis ymse ting skulle ordnast etter døden. Sers ofte sa dei frå ~~kv~~ kven som skulle vera med i gravferda. Våren 1914 vart ei eldre kvinna sengeliggjande. Ho rekna med at døden vil~~le~~ koma i nær framtid. Ho sa då frå korleis det skulle vera i gravferda hennar og kven som skulle bedast vera med der. Sengelega varde til i august 1918. Mange av dei bedne var då hindra frå å vera med, sume døde, andre utflytta. Gravferda som var tenkt i gamal stil, vart nokså enkel, av di det då var streng rasjonering på matvarer.

14

Om dei som døydde roleg, vart det sagt at dei somna, slokna, flytta, faren bort. Dei som var plaga av verk og smerter fekk fred.

15.

Eg har ikkje høyrte noko om dette.

16.

Eg kan ikkje minnst forteljingar om skindøde her frå.

17.

Eg veit ikkje om det vart brukt pengestykke her i bygda

18.

Det er fortalt at det i eldre tid vart brukt salmebok eller bind. At salmeboka vart nytta må sjåast i samanheng med at det var Gudsord i den. Band om håka var vel det som oftast var i bruk.

19.

Det var ikkje skikk å varsle grannane om at det var dødsfall i huset berre for skuld dødsfallet. Men då ein gjerne ville stella noko med den døde, varsle ein dersom hjelp var turvande.

20.

Som bodberar vart nytta eit vakse menneske som hørde huset til, ofstast husbonden eller ein annan vaksen mann.

21

Ukjend.

22

På mange tun vart klokka stogga når den sjuke var slokna. Det synes likevel ikkje å vera ein heilt ålmen skikk. Sumardagen vart glasa dekte av klede, sume tun også vinterdagen.

23.

Når livet var slokna, stelte ein ~~kikkmed~~ liket, vølte senga. Oftast vart liket vaska og stelt med dei lik-kleda som skulle til. Kvart eldre menneske hadde si likskjorte. Liket vart verande i senga til kista var ferdig. Kiste-borda var ferdige og arbeidet tok straks til. Som oftast vart den døde kistelagt same dagen dødsfallet var, i alle høve seinast dagen etter. Då var det skikken at grannane samlast i dødsromet. Den døde vart kistelagt så alle såg på. Det var elles slik at dei som vaska liket hadde kledd noko på så at berre andletet var bert.

24.

Eg har ikkje høyrte tale om at liket vart lagt andre stader enn i dødssenga etter at den var fjelga. Om det for ei stutt tid trongst leggjast fram, så vart vel då ein benk nytta.

25.

Eg skjønar spørsmålet slik: Vart den døde for ein dag eller to lagt på bord eller benk, og om det då vart lagt halm under liket. Eg har ikkje høyrte eller sett dette. Den ~~vølte~~ stelte senga var legeplassen. Her er eit ord i bygda: Eg var med ågla han fram. Eg veit ikkje om det tyder: fram or dødssenga medan denne vart fjelga og stelt, eller fram på benk til kista kom i hus.

26.

Liggja på likstrå tyder idag: Liggja i dødssenga eller i kista.

27.

Når den døde var komen i kista, vart sengehalmen brend. Annan likhalm har eg ikkje høyrte om.

28.

Ukjend, men lite truleg.

29.

Likstrå utanom sengehalmen kjenner eg ikkje til.

30

Liket vart stelt snarast råd.

31

Folka i huset, helst kvinnene. Grannane hjelpte til om hjelp trongst.

Ukjend, men neppe truleg. Ein må rekna med at dei gjekk i dei kleda dei hadde og som var høvande for arbeidet.

33.

Håret vart kjemd og stelt

34.

Nei, dette har eg ikkje høyrte om eller sett. Eg trur ikkje dei klypte skjegget ei gong.

35.

Ukjend, neppe truleg.

36.

Alle lik vart vaska så snart råd var.

37.

Dette har eg ikkje høyrte det ^miste om.

38.

Lika vart svøypte

39

Likskjorta

40.

Ordet sveiplaken er brukt her.

41.

Ukjend.

42

Nei.

43

Alle vaksne folk hadde likskjorta liggjande. Det er ukjend at brudlaupsklede vart bruka til dette.

44

Likkleda var helst av vanleg lerret.

45

Nei.

46

Nei

47

Dei gifte kvinner skulle ha linhuva. På Menn vart det stundom brukt raudhuva. Gravaren på Hamre fortel at han har funni rudhuver ved oppattgraving.

48

Ukjend

49

Ukjend

50

Ukjend

51

1900- 1910

51- 52

Kring år 1900 vart det slutt med å laga kistene heime. Samferðla med byen vart god, og kistene vart kjøpte ferdige. Dette førde med seg at kjøpte likklede vart meir og meir ålment utan at ein kan stadfesta tida på ~~10~~ 10-årsbolck. Til idag vert det nytta lik^ksjorta av lerret, men dei kjøpte klede tykkjest støtt verta meir i bruk. Så vidt eg kan skjønna at det mest papirklede.

53

Dei kjøpte klede kallast både svøyp og likklede. Vi har alltid brukt namnet svøyp på det kledestykket som vart lagt over andletet til den døde. No ser eg at kiste klede er slik av dei vert lagt over andletet.

54.

Denne trua har eg aldri høyrte om her i bygda.

55

Også ukjend her.

56

Ukjend

57

Ukjend

58

Det er fortalt at på alle tun låg det ferdige bord til kiste, men ingen hadde kista ferdig. Etter år 1900 vart det kjøpt kiste, kanskje også før den tid.

59

Det er truleg at i eldre tid var trenaglar mest brukt. Men etter at spiker vart billeg, er den einerådande. Eg har ikkje spurt eller høyrte tale om at det knytte seg truer til trenaglane. Ein må helst sjå dette som eit økonomisk spørsmål.

60

Heimearbeidde kister har eg ikkje sett. Men eg heldt det for heilt visst at stroppar vart brukt. Men det er ikkje visst at dei var av bast. Folket dreiv ymse fiske, og tok vel av det tauet dei hadde, og som var høvande tjukt. Kistene måtte berast til sjøs, ofte lange stykke, så ~~h~~ skulle dei i og or båt. Det var heilt uråd å klara dette utan stroppar

61

Husbonden på tunet, eller også den mest snikkarkunnige mannen i grenda.

62

Kistene var alltid svarte, men eg kjenner ikkje til korleis dei laga svartfargen.

63.

I åra etter 1910 tok kistene til å få andre fargar, kvite og gule. (eikefarga)

64

Ukjend

65

Eg har ikkje høyrte om anna underlag enn høvlespon.

66

Eg har ikkje høyrte noko sers om putane og kva dei var laga av. Det er neppe truleg at det vart nytta humleblad, for den planten var for lite dyrka her.

67.

Som ovanfor skrivi vert kistene kjøpt ferdige. Fargen er kvit eller gul. (eikefarge)

68

Den døde fekk som regel ikkje noko med seg i kista. Likevel har eg spurt at sume fekk ha ringen sin. Andre ting har eg aldri høyrte tale om.

69

Ukjend

70

Det var vanleg å pynta kista med ein krans av melbærblad. Her seier vi millebær. Dei blada er grøne heile året og er lette å fletta saman. Denne lange kransen vart lagd rund kisteloket.

71

Ukjend

72

Ukjend

73

Ukjend.

74

Når ein hadde **vissay** for kva tid kista vart ferdig, vart det sendt bod til næraste slekt og grannar med bod om at dei måtte gjera vel og koma og leggja den døde i kista. Dei kom så fram til dei kunne. Det vart sungi salmar, og haldi andakt over eit bibelord dersom ein kvan kjende seg før til å halda tale. Det kallast: Å leggja i kista.

75

Når så loket var påsett, vart dei møtande bedne inn i ei onnor stova og fekk eit mål mat. Det var ikkje tale om fest med dans. Det var alltid eit roleg drag over stunda.

76

Til liket vart kistelagd stod kista i dødsromet. Etter at kistelegginga var ferdig, oftast same kvelden, vart likkista bori på låven eller i ei ledig bu (om dette fanst på tunet). Summe stader stod likevel likkista i dødsromet, men dette var meir eit sersyn. Regelen var at når loket var påkomi, ~~og~~ så tok karfolket kista og bar henne på låven eller i bua. Låven vart mest brukt.

77

Likromet vart ikkje pynta om kista stod i huset. Ein ser bort frå at romet måtte vaskast til kistelegginga fann stad.

78

Ingen pynting.

79

Ukjend

80

Ukjend

81

Til gravferdsdagen skulle det vera barstrødd i tunet. Det hende og at det var strødd bar eit lite stykke fram etter den vegen kista skulle berast til kyrkje. Det var ingen fast regel at det mellom hus og låve (løa) skulle vera barstrødd. Som bar bruka ein her alltid småhakka einergreiner.

82

Eit lik skulle berast med føtene fram, aldri hovudet føre: "Han skal ikkje gå på hovudet ut døra." Når kista var komi i hus, snudde dei henne slik at føtene peikte mot døra.

83

Loket vart lagd på. Men kom det einkvan som ynskte å sjå den døde, vart loket lyfta av og andletsduken teken opp. - Etterpå vart alt tilstelt som før. Eg har som eit minne til at i eit einskild høve stod kista til ein død kårmann i kårstova, og ho var utah lok. Eg trur dette var eit unntak, grunna det van venta fleire av borna, som ikkje rakk fram til kistelegginga. Seinare vart og denne kista sett på låven.

84.

84

Andletsduken var ein firkanta lerretsduk, som

85

vart kalla andletsduken.

86

Det kunne henda at grannar og vener, og tilreisande slekt bad om å få sjå den døde. Elles var det vanleg at kista gravferdsdagen vart teken inn i stova og opna der medan avferdshøgtida sod på. Då fekk alle sjå. Ein var ikkje huga på å sleppa barneflokkar til, men born i slekta hadde større rett.

87

Nei

88

Idag er skikken slik: Den døde vert vaska og stelt. Når kista er komen i hus, legg dei næraste eller også sjukesøstra den døde i ~~kista~~ kista og steller med det. Om kvelden kjem slketa og grannar til, syng salmar og heldt tale. Etter på vert loket sett på. Kista vert boren ut, som oftast på låven. Det er meir sjeldan at kista vert opna meir. - Etter at kista er komen på låven samlast ein ved eit kaffebord ei stutt tid.

89.

Det skulle vera mest mogeleg stille på tunet. Rop og skrål måtte det ikkje vera, men det vart ikkje sett på som noko gale at det var arbeidsståk, t.d. banking av verktøy når dette var i samanheng med gravferds-tilstellinga.

Ukjend.

91

Sørgetid utmålt i dagar og veker var nok ukjende her.

Det

92

Tretting og grannestrid, fåvis og slarvet tale. brautande fakter og drykk var mislika. ~~kingx~~

Når det var sorg i eit hus, skulle folka vera stille og rolege i all si ferd.

93

Folk hadde ikkje noko stort utval i kledevegen. I gravferd ~~sonixbrudlaup~~ laut dei fleste bruka dei vanlege kyrkjekleda sine. Menn: Svarte vadmolsklede. Kvinner: Svarte vadmolsklede. Hovudbunad: Mennene hadde svart hatt, kvinnene hadde kvit linhuva, dekt av svart hovudduk. Ugifte kvinner hadde ikkje linhuva, men berre svart duk. Borna var kledde etter råd og evna.

94

Enkja hadde ikkje sers drakt.

95

Det var slik at ein skulle dølje sorga så godt ein kunne. Folk tykte ikkje om ofseleg påburd. Og det vart sagt at "at ein ofse står aldri lenge på."

96.

Nei slikt har aldri bygdefolket fortalt.

97

Arbeid vart rekna for beste råda mot sorg og sut, og så at ein kom seg ut frå husa ved ein tur t.d.

98

Det var ingen regel om gravferdsdagen. Den vart fastsett etter samtale med presten, og var som oftast kring ei veko etter dødsfallet.

99

Sidan 1900 har ordet begravelse vori mest nytta. Men det må vera relativt nytt i bygda. Eg minnest godt at dei eldre brukte ~~æ~~ ordet "erve" om gravferdsamkoma.

Dei sa: ervesafta, ervedagen, ervesfolket, ervesvetla. Ervesvetla var samkoma med mat og drykk.

100

Folket samlåst i "ervesgarden." Dei vart helsa velkomne av kjøkemeisteren. Litt etter litt tok dei plass i stova der dei fekk frukost- som det heitte. Etter frukosten vart borda sette vekk. Kista vart boren i stova, ~~opna~~ der ho vart opna. Folket stod kring. Det vart sungi salmar or den brukte salmeboka. Var det einkvan i ervesfylgjet som var øvd i å halda tale, vart det ofte så at han tala over eit bibelord. Så vart det sungi salmar att, loket vart lagd på att, og under salmesong vart kista boren ut or stova. Sumtid vart det ikkje sungi medan kista vart boren ~~ut~~ dørene. Frå eldre tid har eg ikkje spurt at avferdsstunda vart halden på tunet. Så måtte kista berast til sjøen, veglaust som her var. To eller tre mann gjekk føre og song. Dei stemnde i ein salme ved tunet, seks mann tok kista mellom seg og bar ho sjøvegen. Det vart ikkje sungi i eitt heile vegen, men ofte, Det vart alltid sungi når dei gjekk framom andre tun. Ved sjøen vart kista sett i ein større båt. Og når alle var komne i båt, stemnde så fylgjet over fjorden til kyrkja. Likbåt ~~båten~~ var føre. Med same dei rodde frå land vart det sungi.

101.
Sjå ovanfor.

102

Som eg før har skrivt, vart det nytta kransar av melbær til kistepynt. Sidan eg skreiv dette for nokre dagar sidan, har eg fått veta at det vart brukt eit lite åkle som pynt på kista like fram til kyrkja. Opplysingane er så veike at eg diverre ikkje kan gjeva utgreiding om form og farge. Eit slikt åkle skal vera utlånt til Husfliden i Bergen frå garden Fyllingen i Hamre.

103

Ukjent.

104

Ukjent

105

Ukjent

106

Ukjent

107

Ukjent

108

Ukjent

109

Ukjent

110

Dette har det ikkje vori mogeleg å få noko greie på. Har det vori noko slikt, må det vera langt attende i tida

111

Ukjent

112

Ukjent

113

Liksalmane vart sungne med dei tonar som var vanlege i kyrkja.

114

~~Ryggeixer~~ Regelen er at presten er med i heimen. Der vert kista boren inn i stova, i godver på tunet, det vert sungt salmar, presten talar, salmar, kransar vert pålagd. Etter avslutta syrgjestund vert kista boren ut og sett på vogna. Når fylgjet går frå tunet, vert det sungt av dei to- tre menn som går føre. Song for kvart tun og når motorbåten går frå bryggja.

115

Dette er vorti meir og meir ålment sidan 1920.

116

Fortalt ovanfor.

117

Ukjend

118

Ukjend

119

Seks vaksne menn- eller så mange som var turvande
Det var grannar og / eller slekt.

120

. Det var ingen regel, men det vart gjerne slik at dei
vart fritekne.

121

No er det slik som før at grannar eller slekta tek
kisteberinga utan å vera utpeikt. Det hender at dei
næraste slektningar sjølve ber kista ut. Elles er dette
ingen regel. Kista skal ut og dei vaksne mennene tek
dette på seg. Ofte bytest dei om arbeidet etter som det
krevst når kista skal gjennom dører, på og av båt.

122

Liket skulle berast med føtene føre. Den døde skulle
ikkje gå på hovudet gjennom dørene.

123

Ukjend.

124

Heilt ukjend.

125

Det vart strødd einebar eit lite stykke av vegen.

126

Kista vart sett ned på tunet til folket var reiseferdig.

127

Ukjend. Men det er lite truleg at dei
fekk skjenk før kyrkjeferda.

128

Eldre folk som var uføre til å vera med heilt til kyrkje,
både menn og kvinner, og så kjøkenfolket var vane å fylgja
eit mindre stykke på veg. Det kunne vera til næraste tun,
til sjøs om det var stutt veg, eller til eit kjend
punkt på ~~vegen~~ vegen, t.d. "Leitet, Haugen."

129

Det var både menn og kvinner med til kyrkje. Vart veret
for stormande, stogga gjerne kvinnene ~~å~~ ved sjøen, og
så tok berre ^{noke} ~~sume~~ menner kista i båten og stridde seg
fram til kyrkja.

130

Det var vanleg at kvinnene var med til kyrkja.

131

Det kan ikkje seiast at storleiken på fylgjet er teki som teikn på æra. Det er så mange forhold som tel med. Det kan vera stor slekt og stort grannelag. Som regel vert folk bedne vera med i gravferda, og æra skulle vel liggja i at det kom folk og fylgde utan å vera bedne til det.

132

Ukjend

133

Ukjend

134

I desse skogfattige grender var det kring 1900 få, ja rettare sagt ingen som hadde flaggstenger. Men plante-skogen vaks, og jubileumsåret 1914 var det mange som fekk seg stong og flagg. Etter skikk og bruk i by og tettbygde strok, vart flagget bruka som vanleg på desse stader. No er flagg ålment. Sidan 1914 vart flagget fira på halv stong under gravferder i grannelaget. Når ein er viss på at kista er komen i jorda, vert flaggset heist på topp. Eg har her sett årstalet 1914 som merkesår, og det er rett.

135

Heile grenda der likferda går gjennom, og vidare dei i grenda som er i slekt eller venskap til den døde.

136

Ja

137

Når det var visst at kista var komen i jorda.

138

Nei

139

Det vart stogga når bærarane måtte byta, men ingen visse stader. Det vart sungi salmar for kvart tun, - og oftare.

140

Folk på tuna stod helst litt avsides og såg på fylgjet. Likevel ikkje slik at dei gøynde seg vekk. Ingen vinking.

141

Ja.

142

Ukjend.

143.

Folk som hadde lang sjøveg, måtte kvila. Det vart då slik at dei sette kista på høvelege stader, og då dette hende i kvart gravferd, vart det kjende kvilesteinar. No er nok desse gløynde, for Nyevegen fylgde sjeldan den gamle sjøvegen.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

144.

Ukjend

145

Sumarsdagen vart kista sett på høyvogna og surra fast med tau. Noko sers underlag vart ikkje bruka utan at det var turvande med fjøler for at kista skulle stå stødigare.

146

Nei.

147

Ukjend

148

Kyrkjeferda skulle vera roleg gongefart.

Det var vel neppe slik¹⁴⁹ at alle fekk sitja i vogn. Ein del måtte gå. Og farten vart avstemt etter fotgjengarane

150

Ukjend.

151

Ja.

152

Nei. Songarane gjekk føre.

153

Her i bygdene var det oftast slik at dei bar kista til sjøs, og sidan rodde dei i båt. Sume stader bar dei kista like fram til kyrkja. Å køyra liket til kyrkja er ikkje over 80 år her i Hamre.

154.

Slike "teikn" har eg ikkje høyrte tale om.

155

Eg har ikkje høyrte tale om ~~gradering sers utvakt~~ om slike meiningar.

156

Då dette med køyring til kyrkje er relativt nytt i sokna, er det ikkje vakse fram visse skikkar. Det var vel slik at dei hjelpte til nokon kvar. Eg kan ikkje tru at det vart nytta krakk.

157

Ukjend.

158.

Kommunen heldt reidskapar. Det har vori fast gravar i lang tid. Eg har ikkje spurt at det i manns minne vart gravi eller attpågravi av gravferdsfolket.

159

Ein del av dei vaksne menner i fylgjet.

160

Ukjend

161

Ja

162

Nei.

Det vart ikkje brukt å bera kista inn i kyrkja i eldre tid. Etter 1920 er det vanleg.

164

På Borggarden ved kyrkjegarden møtte prest og klokkar fram. Klokkaren og dei som før hadde styrt songen på kyrkjevegen, gjekk no føre og song på veggen fram til grava.

165

Kista vart ikkje boren rundt grava.

166

Ukjend

167

Eg kan ikkje stådfesta året, men eg minnest ikkje at nokon eldre har tala om annan gravemåte enn ved fast gravar.

168§

Dei eldre tala om kulegravaren. No heiter det gravaren eller også kyrkjetebaren. Med kulegravar meinte dei den som grov opp og fyllte att grava. Han hadde og me klokkeringinga.

169

Dette har eg ikkje fått kjennskap til.

170

Ingen kjennskap til dette.

171

Ukjend.

172

Ukjend.

173

Ukjend

174

Jorda vart samla i ein liten haug. Ein stein med namnebokstavar innhogd vart sett jordfast i haugen. Seinare vart det teki grønt seigt grastorv og sett på kant i ellipseform. Inni vart det fyllt jord. Der vart då sett trekors, marmorplate eller og planta t.d. ein tuja. Ei tid vart det nytta støypejarnaskors med namn på. Og sume hadde og støypejarnsråma kring grava.

175

No er det fastsett reglar for kyrjegarden. Gravpynting finn stad til ymse tider, men om våren er det oftast ein dag som vert pyntedag etter nærare kunngjering. Så spreidd som heradet er, vert det vanskeleg å møte fram utanom sumarhalvåret. Elles steller folka med gravene når dei har høve til det.

176

Ukjend

177

Ukjend

178

Ukjend

179

Ukjend

180

Ukjend

181

Ukjend

182

Eg har ikkje høyrte ordet gravøl, men folket her sa : Erve om gravferdstilstellinga.

183

Husbonden på tunet bar bodet fram så langt han rakk. Til andre bygder måtte ein skikka bod med leigd hjelp. Det kunne då vera ein vaksen son i huset, ein granne, ein husbondsdrøng eller og andre som gjekk med bodet. Eg kjenner ikkje til at det var faste beamenn.

184

Ukjend.

185

Ukjend

186

Ukjend

187

Ukjend

188

Ukjend.

189

Ukjend.

190

Eit ~~grø~~ erve måtte truleg vara 3 dagar. Folk som kom reisande, måtte helst koma ervesaftan. Dei fekk då mat og stell i ervesgarden om dei enn måtte taka sengeplass på eit grannetun. Dette måltidet hadde gjerne ein høgtideleg dâm over seg.

Ervesdagen samla grannar og nærbuande slekt seg i ervesgarden. Før dei for til kyrkje fekk dei frukost.

Etter heimkoma fekk dei middag, seinare kvelds og nattnål.

Dagen etter var reisedag for dei som skulle lang veg. Dei for gjerne like om middagen, og set hende at både dei og grannane fekk ~~midda~~ frukost og middag før dei for. Vi får då tre dagar: 1. Ervesaftan, 2. Ervesdag og 3. dagen etter ervesdagen.

191

Sagt i nr. 190

192

Ukjend

193

Ukjend, neppe truleg.

194

Nei

195

Arbeidet vart stogga på dei tuna ~~som var med~~ der folka var med i ervet. Deistuniggrenda som stod utanfor ,gjorde vanleg arbeid.

196.

Gjestene hadde sendingane med seg,likevel slik at grannane sende mjølka si kvelden før.

197

Gjestene bar sendingane med seg og gjekk i sine vanlege kyrkjeklede. Grannane stod sjølvstekt meir fritt då dei kunne levera sendinga kvelden føreåt. Men dette galdt serleg mjølk. Vanleg sending tok dei med seg ervesdagen ~~ix~~ og i dei kelde dei skulle bruka den dagen.

198

Nei.

199

Sendingane var i sers kjerald: Grautambar, smørambar, dravleambar osv..

200

Ukjend

201

Nei

202

Det er fortalt at det vart brukt øl og dram i erva. Men eg kjenner ikkje til at det har vori nytta alkoholhaldige drykkjer dette hundreåret.

203

Nei

204

Matsendingar slutta 1910-1920. Men enno brukar vi her i bygda å senda mjølk til brudlaups- og gravferdshusa dersom dei ynskjer det. Det vert alltid spurt om dei vil ha mjølk. Dette vert ikkje avløyst ved krans-sending. Det som avløyste sendinga var den lettare tilgong på ~~brudlaup~~ matvarer.

205.

Krans-sending vart vanleg etter 1920, men det er uråd seia kva tid første kransen vart brukt.

206.

Heimelaga ~~kransar~~ var som før nemnd lange band av melbærplanten. Dei må ikkje samanblåndast med krans av i dag. Dei vart ikkje sende, men laga i ervesgarden. Kransen av idag kjøper ein i blomsterbutikken.

207

Kransen tingar ein i butikken, og liteert det sette på korleis han er laga. Men næraste slekt og vener brukar kransar med silkeband og innskrift. Uråd seia kva tid dette kom i bruk.

Kransepålegging i heimen og kyrkja er no ålmenn skikk.
(Er ikkje sikker på spørsmålet Dykkar)

Dei fleste kransar vert gravlagde. Det er slik at
ein eller to kransar vert lagde opp på grava.

Siste krig førde til ein lettare matskikk.

Ser ein vekk frå dei som kjem reisande ,er matskikken
denne.

1. Middag etter kyrkjeferda.

Middagen vert meir avleggs. Det vert
vanleg å by på smørbrød, mjølk, kaffi
sjokolade(kakao)

2. Er det middag, vert det bytt på kaffi
ca. 1 time etterpå.

Alkohol vert aldri nytta.

Nei

Frå 1930 vart det meir og meir vanleg å setja
lysing i blada. No er det ålment.